



Notat

Til: Byggesak

Kopi til: Terje Fauske, Eining for eigedom

Saksbehandlar: Eining for eigedom/Line Merete Valle, Prosjektleiar
Vår referanse: 17/84 - 1 /
Dato: 09.01.2017

Emne: Førehandskonferanse – Leiknes skule tilbygg

Det føreligg kommunestyrevedtak om nytt tilbygg på Leiknes skule, SAK 16/22055, datert 19.08.2016. Skulen skal utvidast frå 190 til 300 elevar. Dette skaper også ein auke i tal tilsette til om lag 25 personar.

Vi bed om at følgjande tema vert tatt opp i førehandskonferanse:

- Parkeringssituasjon
- Universell tilkomst til 2.etasje, utandørs
- Utvida areal til uteområde for Leiknes skule

Parkeringssituasjon

I føresegnene til gjeldande reguleringsplan for Leiknes skule (Plan ID 1263-201008) stillast det krav til antal p-plassar pr. tilsett og i høve til tal elevar ved skulen. Det skal vera 1 p-plass pr tilsett og 1 p-plass pr 15 elevar.

Med dette treng skulen 17 nye parkeringsplassar. 5 % av plassane skal vera resevert HC-plassar. Vi legg opp til at det skal vera ladepunkt for el-bilar ved skulen.

Skuletomta på Leiknes er lita og det er svært vanskeleg å finne plass til tilstrekkeleg tal parkeringsplassar knytt til eksisterande p-plass nord for skulen.

Prosjektet ser to alternative måtar å skaffe nok p-plassar på:

Eitt alternativ er å etablere ny p-plass aust for skulen langs med ny veg til Leiknes fleirbrukshall. Området er i dag eit regulert friareal (§ 5.1 i reg.plan). I vedlagt skisse er det vist p-plassar langs med vegen. Det er plass til min. 18 plassar på einseitig p-plass. Dersom p-plass skal etablerast her må det innvilgast dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Eit anna alternativ er å etablere 8 nye p-plassar ved skulen sin eldste p-plass i vest, slik at behovet for p-plassar i aust vert litt mindre. Det nye tilbygget på skulen kjem i nord og det må gjerast terrenginngrep i dette området uansett. Prosjektet ser at ein då kan etablere tosidig parkering i vest og få 8 plassar nærare skulebygningen. Dette området er likevel ikkje stort nok til å romme alle p-plassane vi treng, og det må også etablerast ein mindre p-plass i aust.

Det samla arealbehovet for ny p-plass er om lag 500 m².

Bygging av P-plass vil ikkje hindre etableringa av ballbane på det regulerte friområdet.

Universell tilkomst til 2.høgda utandørs

Det er i dag 2 heisar i eksisterande skulebygg for tilkomst til 2. høgda. Utomhus er det i dag ein grusa sti som nyttast som tilkomst til 2.høgda frå uteområdet og parkeringsarealet nord for skulen (ikkje UU).

Når nytt tilbygg skal etablerast vil prosjektet framleis leggje til rette for tilkomst frå uteareal direkte inn i 2. høgda (sjå skisse, L-001).

Prosjektet ser at det er utfordrande å innfri krav til UU-stigning på utandørs tilkomst frå eksisterande P-plass i nord. Framlegg til ny tilkomst har stigning 1:10. Kravet er 1:15-20. Tilkomsten vil bli unødig lang og lite funksjonell dersom ein skal klara stigningskravet. Vi bed om at utandørs tilkomst kan etablerast sjølv om stigningskravet ikkje vert innfridd. Universell tilkomst til 2. høgda er godt ivaretatt innandørs.

Tilleggsareal for uteområde

Leiknes skule har vore utbygd i fleire trinn. Uteområdet for skulen har ikkje i same grad vorte utvida. Ein auke i elevtal frå 190 til 300 elevar krev at uteområdet vert større. I gjeldande reguleringsplan er det sett av eit område mellom friområda F2 og F3 til offentleg føremål (sjå vedlagt reg.plan). Det er starta ein prosess med grunneigar sør for skuleplassen om kjøp av dette tilleggsarealet. Området er om lag 4 mål og vil gje skulen eit eigna naturareal som i ulik grad kan opparbeidast til leikeområder. Det er pr dags dato ikkje skrive kontrakt eller betalt for arealet, i påvente av vedtak i saka.

Dato 09.01.2017 Line Merete Valle, Prosjektleder

Vedlegg:

- L 001 – Skisse for framlegg til p-plassar
- Gjeldande reguleringsplan